

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.01.2025

Vår ref.: 202418158-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet ved Nedre Dukavatnet i Samnangervassdraget i Samnanger kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Eviny Fornybar AS, datert 22.10.2024, om løyve til å fråvika manøvreringsreglementet ved å senke vasstanden under lågaste regulerte vasstand (LRV). Det søkjast om å senke vasstanden i Nedre Dukavatnet på inntil 2 meter under LRV i perioden 16.06.2025 - 30.09.2025 i samband med oppføring av ein permanent fangdam, og inntil 1 meter under LRV i 2026 i samband med rehabilitering av tappeluke. Den nye fangdammen vil samstundes få etablert ein terskel som sikrar LRV i magasinet ved seinare drift. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9519/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om mellombels løyve blir derfor berre send på høyring til Samnanger kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. NVE ønskjer tilbakemeldingar knytt til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttala seg.

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202418158 i emnefeltet.

Frist for innsending av høyringsfråsegn er:

07.03.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Kjersti S. Kvie
seniorrådgjevar



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

SAMNANGER KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS